

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	04/07/2023
Vår referanse	2023/64623-2
Dykkar referanse	23/4372 - 23/46052
Sakshandsamar	Sigrun Wølstad
E-post	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
Telefon	96944535

Kulturminnefagleg fråsegn - Landbruksveg - gnr. 496 bnr. 1 - Pletten - Alver kommune

Vi viser til Dykkar brev datert 12.06.2023 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Saka gjeld søknad om landbruksveg, kor det i dag er anlagt mellombels veg i samband med massedeponi. Vegen skal knytast til eksisterande eldre traktorveg, og det blir presisert i søknaden at tiltaket ikkje gjeld det eldre vegfare. Omsøkte landbruksveg er vist i og ved torvhusmiljø, Askeladden id. 235955. Torvhusmiljøet er eit kulturminnemiljø vist som verneklasse A i vedtekte kulturminneplan. Om vernekategori A står det:

«I klasse A finn me kulturminne som kommunen gjennom planarbeidet har vurdert å ha særleg høg verneverdi. I denne klassen finn me i hovudsak kulturmiljø, men i spesielle tilfelle er òg einskildbygg plasserte i denne klassen. Dei viktigaste kriteria er høg alder, autentisitet, at det er få av dei igjen eller at det er knytt viktige personar eller hendingar til kulturminnet. Det er svært viktig at desse kulturminna vert bevarte for ettertida».

I KPA for Radøy er torvhusmiljøet vist som omsynssone H570 med tilhøyrande føresegn, vi viser til §§ 2.15 og 2.15.1. Føresegna seier blant anna at tiltak ikkje skal vere i konflikt med omsynet til kulturminnet eller kulturminnet sin verdi. I denne saka er det viktig at omsøkte landbruksveg ikkje medfører auka belastning og endring av det eldre vegfare innanfor omsynssona.

Vi viser og til uttale frå kulturavdelinga i Alver datert 03.07.2023.

Konklusjon

Ved eit eventuelt positivt vedtak må det settast følgjande vilkår: Bruk av ny landbruksveg skal ikkje føre til endringar og auka marktrykk på eksisterande eldre vegfar. Vilkåret gjeld ikkje for nødvendig utbetring dei siste metrane fram til eksisterande anleggsveg, som skildra i innsendte søknad.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Postadresse	Telefon	E-post	Heimeside	EHF-Fakturaadr.	Organisasjonsnr.
Postboks 7900 5020 Bergen	05557	post@vlfk.no	www.vestlandfylke.no	821311632	821 311 632

